

Notat – nr. 2/2023

Randi Bergem og Finn Ove Båtevik

Strategisk samarbeid Volda og Ørsta kommunar

Berekraft i helse- og omsorgstenestene



Forfatter	Randi Bergem og Finn Ove Båtevik
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/

Strategisk samarbeid Volda og Ørsta kommunar.
Berekraft i helse- og omsorgstenestene

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manusset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Føreord

Volda og Ørsta kommunar er i ein prosess der dei skal vurdere å etablere meir strategisk samarbeid. I samband med det er det i perioden 2021 – 2023 gjennomført fire samlingar for folkevalde, kommunalsjefar og tillitsvalde. Høgskulen i Volda har hatt ansvaret for det fagleg og pedagogiske opplegget på samlingane. Etter kvar samling er det publisert eit notat som summerer hovudpunkt frå samlingane. Dette er notat frå den fjerde og siste samlinga, som var i Ørsta 23. august 2023.

HVO, 14. september 2023

Randi Bergem og Finn Ove Båtevik

Innhald

Føreord.....	2
Innleiing.....	4
Plattform for samarbeid.....	4
Om samlinga.....	5
Demografi. Eldrebølge og busetnadsmønster	5
Demografiske utviklingstrekk i Volda og Ørsta	5
Uttynningssamfunna og regionen elles.....	6
Konsekvensar og utfordringar	6
Nokre tankar om tenesteforsyning tilpassa endra befolkningsstruktur	7
Innovasjon i omsorg. Kvar er vi – kvar veg må vi?.....	7
Fellesskap og meistring – Bu trygt heime.....	8
Generasjon M	9
Avslutning	9
Referansar	11

Innleiing

I 2013 vart det inngått ein intensjonsavtale om samarbeid mellom Volda og Ørsta kommunar. Med grunnlag i intensjonsavtalen vart det i 2020 skrive eit notat om (vidare)utvikling av samarbeid mellom dei to kommunane. Kommunestyra har slutta seg til innhaldet notatet, og til prosessen som er skissert der.¹ Føremålet med samarbeidet er:

- Berekraftig utvikling av lokalsamfunnet / **samfunnsutvikling**
- Gode og effektive **tenester** til innbyggjarane

Kommunedirektørane i Volda og Ørsta kontakta Høgskulen i Volda (HVO) med tanke på bidrag i prosessen. Det vart gjort ein avtale mellom kommunane og HVO om at høgskulen skal bidra med eit opplegg retta mot samarbeid om samfunnsutvikling / berekraftig utvikling av lokalsamfunnet.² Det som gjeld samarbeid om gode og effektive tenester til innbyggjarane er ikkje inkludert i bidraget frå HVO. Det er kanskje nødvendig å poengtere at det er samarbeid som er stikkordet, og ikkje samanslåing av kommunane.

Plattform for samarbeid

Som utgangspunkt for å kome i gang med eit samarbeid om samfunnsutvikling, vil det vere føremålstenleg for kommunane å ha ei felles plattform for arbeidet med samfunnsutvikling. Høgskulen i Volda si rolle i prosessen er å bidra med innsikt i perspektiv som er viktige for samfunnsutvikling, og å prøve å skape eit utgangspunkt for vidare samarbeid. Følgjande aktivitetar inngår i bidraget frå høgskulen:

- Grunnlagsnotat: *Volda og Ørsta som region og lokalsamfunn - Nokre perspektiv på strategisk samarbeid mellom kommunane Volda og Ørsta*. Grunnlagsnotatet vart publisert i september 2021. Tema som er drøfta der er korleis ein kan forstå regional utvikling, Volda og Ørsta som region, demografi og sosiale forhold og forholdet mellom regionen og lokalsamfunna i regionen. I notatet er det også skissert nokre problemstillingar som folkevalde og andre aktørar i kommunane kan legge til grunn for drøftingar rundt samarbeid om heilskapleg og berekraftig samfunnsutvikling.
- Fire samlingar / verkstader i perioden hausten 2021 - hausten 2023
Tema for samlingane er:
 - Samling 1. Folkevalde – roller og ansvar i samfunnsutviklinga
 - Samling 1: Innbyggarmedverknad
 - Samling 2: Stadidentitet
 - Samling 3: Livsløpsperspektivet
 - Samling 4: Sosial berekraft
- Digitale ressursar
- Notat med oppsummeringar frå samlingane

Når det gjeld dei fire samlingane, er det valt tema som er sentrale for arbeid med samfunnsutvikling. Samlingane/verkstadene inneheld faglege innleiingar frå folk ved HVO, med påfølgjande diskusjonar med utgangspunkt i innleiingane. Problemstillingane og diskusjonane skal i størst mogleg grad knytast til situasjonen i Volda og Ørsta (jf. t.d. notat om utviklingstrekk). Høgskulen i Volda utformar problemstillingar for diskusjonane.

¹ Kommunane har fått midlar til prosessen frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

² Det er tilsette ved Avdeling for samfunnsfag og historie ved HVO som er involverte i arbeidet.

Føremålet med prosjektet er å skape utgangspunkt for meir samarbeid mellom Volda og Ørsta kommunar, og at aktørar i kommunane - særleg folkevalde – skal få innsikt i og inspirasjon til å utvikle samarbeidet til beste for ei berekraftig og god samfunnsutvikling.

Om samlinga

Også denne samlinga tok utgangspunkt i måla for samarbeidsprosjektet. Særleg vart det lagt vekt på ei formulering i samarbeidsnotatet frå 2020. Der står det at **samarbeidet bør sjåast i eit heilskapleg berekraftig perspektiv, der ein handlar i notid for å styrke framtidige generasjonar sitt livsgrunnlag.**

Deltakarar på samlinga var folkevalde i dei to kommunane, kommunedirektørar, kommunalsjefar, planleggarar og tillitsvalde. På samlinga i var det rundt 50 politikarar og 10 frå administrasjonane i Volda og Ørsta kommunar.

Samlinga starta med at Stein Aam, ordførar i Ørsta, og Sølvi Dimmen, ordførar i Volda, ønskte velkomen til samlinga. Deretter snakka Randi Bergem, Høgskulen i Volda, om kva som er føremålet med prosjektet Strategisk samarbeid Volda- Ørsta, og ho introduserte opplegget for denne siste samlinga.

Samlinga bestod av faglege innlegg og dialog i plenum til slutt. Finn Ove Båtevik, professor ved Høgskulen i Volda, hadde innlegg om demografi med særleg vekt på befolkningsutvikling i Volda og Ørsta-regionen (meir om det seinare i notatet), inkludert nokre innspel med tanke på korleis ein kan tenkje rundt tenesteforsyninga i ulike typar lokalsamfunn.

Randi Bergem snakka om innovasjon i omsorg og kva forskinga viser er status i norske kommunar når det gjeld aktivitet, organisering, kompetanse og tiltak som nasjonale styresmakter meiner må til for å løyse oppgåvene i dagens og framtidens kommunale helse- og omsorgstenester på ein berekraftig måte, og kunne førebygge (aukande) behov for slike tenester. Bergem kommenterte også hovudmomenta i den nye eldrereforma – Fellesskap og meistring. Bu trygt heime.

Samlinga vart avslutta med eit bidrag frå Generasjon M, ved Lise Arvesen. Ho formidla konkrete døme på korleis sosial innovasjon og sosialt entreprenørskap kan vere del av løysinga på berekraftsutfordringane i kommunale helse- og omsorgstenester.

Demografi. Eldrebølge og busetnadsmønster

Volda og Ørsta er ein av regionane som har hatt jamn auke i folketalet over tid. Slik sett er dei demografiske utfordringane i mindre grad synlege her enn i mange andre distriktskommunar. Samtidig er befolkningsamansetning i regionen under endring. Befolkninga har vorte eldre som resultat av lange og tunge demografiske utviklingstrekk.

Demografiske utviklingstrekk i Volda og Ørsta

Bakgrunnen for endringane i befolkningsamansetninga er i hovudsak resultat av to forhold. For det første fruktbarheitssnedgangen, ei utvikling med lange historiske røter. Dette handlar om kor mange barn kvar kvinne i fruktbar alder føder. Så seint som i 2009 fekk kvar norske kvinne i gjennomsnitt nærare to barn i løpet av fødedyktig alder (Krokedal, 2023). Etter dette har det vore nedgang i kvart år, med unntak av ein liten oppgang i 2021. Både i 2020 og 2022 var talet under 1,5 barn per kvinne. Skal eit samfunn oppretthalde ein stabil befolkning over tid, krev dette eit samla fruktbarheitstal på 2,1.

Den andre faktoren bak endringa i befolkningssamansetninga, handlar om resultatet av langvarige flyttetrendar (Sørliie, 2010). Sentrale delar av landet har fått vekst i tal unge vaksne gjennom nettotilflytting. Dette har gitt ei «fornyng» av befolkninga i sentrale strom, gjennom at ein større del av kvinnene i fødedyktig alder no bur i sentrale strom. Resultatet er at barnekulla relativt sett blir større der enn i distrikta.

Reduserte barnekull i distrikta, kombinert med at store fødselskull frå etterkrigstida er på veg inn i alderdomen, endrar befolkningssamansetninga også i Volda/Ørsta-regionen. Nokre tal illustrerer det:

- Frå 2011 til 2023 auka talet personar på 60 år og over med 24 prosent. Samanliknar vi med talet tilbake i 1987, hadde talet på personar 60 år og over vakse med vel 1.600 ved inngangen til 2023, frå 4250 til 5859 personar.
- I perioden 1987 til 2023 vart talet barn i alderen 0–10 år samtidig redusert med nær 500 personar, frå 3.235 til 2.748.

Uttynningssamfunna og regionen elles

Dei demografiske utfordringane har tradisjonelt vore mest synlege på bygdene. Dette er samfunn som allereie i fleire tiår har vore prega nedgang i befolkninga, nedgang i barnetal og stort innslag av eldre i befolkninga. I Volda/Ørsta-regionen er det i alt 30 krinsar som har hatt 10 prosent eller større nedgang i befolkninga i perioden 2001–23. Dette gjeld først og fremst krinsar med få innbyggjar og med relativt lang avstand til dei to sentrumsområda i kommunane. Berre fire av desse krinsane har meir enn 200 innbyggjarar, medan 35 prosent av befolkninga i 18 av desse krinsane var 60 år eller eldre. Barnekulla (aldersgruppa 0–4 år) vart reduserte med meir enn ein tredjedel (39 prosent) i tidsperioden 2001–23.

Situasjonen i sentrumskrinsane, ein del av lokalsentra og andre relativt sentrumsnære krinsar er annleis. Det er primært her ein finn krinsar i vekst, samtidig som barnetalet har vore relativt stabilt. På same tid er det i sentrum og sentrumsnære område at den store endringa i eldrebefolkninga er under oppsegling. Frå 2001–2023 vaks eldrebefolkninga, dvs. aldersgruppa 60 år og over, med 52 prosent i desse områda.

Konsekvensar og utfordringar

Endringane i befolkningsstrukturen har fleire konsekvensar. Eksempel på slike er:

- Færre i yrkesaktiv alder
- Auke i mottakarar av helse- og omsorgstenester – frå ca. 350.000 i 2019 til ca. 500.000 på nasjonalt nivå (Meld. St. 24, 2022–2023)
- Auke i omfanget av multisjukdom og «komplekse pasientar»
- Større behov for universell utforming
- Færre som kan utføre uformell omsorg?
- Behov for differensierte tiltak tilpassa sentrum og utkantane i regionen

Samtidig som endringane i befolkningsstrukturen vil påverke behovet for ressursar i kommunane, behovet for nye tenester, behov for endringar av prioriteringar, osb., kan det også vere nødvendig å understreke nytten av å sjå veksten i eldrebefolkninga i eit ressursperspektiv. Derfor står det for eksempel eit spørsmålsteikn ved punktet om tilgang på uformell omsorg. Sett i lys av at fleire bur aleine, kan tilgangen på uformell omsorg bli eit knappare gode. Samtidig kan fleire spreke pensjonistar gi grunnlag for andre former for uformell omsorg enn den som er knytt til hushaldet. Eldrebefolkninga held seg lengre friskare, og det ligg eit potensial i det: Funksjonsfriske leveår har auka med 4,1 år for menn, og 4,6 år for kvinner i perioden 1995 og 2017 (Storeng et. al, 2021).

I denne samanhengen er det verdt å peike på påminninga til Mathilda White Riley (1985) om at samfunnet vårt er prega av eit strukturelt etterslep der sosiale strukturarar og institusjonar er tilpassa kortare liv og ei yngre befolkning. Det er lenge sidan denne påminninga kom, men den er framleis aktuell.

Nokre tankar om tenesteforsyning tilpassa endra befolkningsstruktur

Forsyning av tenester, både private og offentlege, krev ein politikk for lokal samfunnsutvikling (jf. NOU 2020: 15, s. 92). Slik er det sjølvsagt også med tanke på tenesteforsyning tilpassa endringar i befolkningsstruktur.

Handlingsrommet for tenesteforsyning i distrikta blir i NOU 2020:15 (s. 96–97) kopla til følgjande hovudpunkt:

- Korleis kan tilboda organiserast på ein måte som gir mest mogleg desentralisert tilbodsstruktur?
- Korleis redusere betydninga av avstand med tanke på transport av menneske varer og informasjon?
- Korleis styrke funksjonsnivået til innbyggjarane med omsyn til eigentransport og kompetanse for bruk av avstandsoverskridande teknologi?
- Korleis handtere dette i lokalsamfunn der avstandane er store og funksjonane står i fare for å bli lagde ned?
- Betydninga av å fange opp politikk- og samfunnsendringar som påverkar dei nemnde områda.

Ulike tiltak kan knytast desse punkta. Det er ikkje rom for gå nærare inn på desse her. Det er likevel viktig å understreke det store spennet av lokalsamfunn i regionen, og som pregar store delar av Noreg elles. Dette spennet viser også behovet for å velje strategiar for tenesteforsyning tilpassa demografi og geografi. Slike strategiar bør ta utgangspunkt i kjenneteikn ved dei ulike lokalsamfunna. I ei litt forenkla framstilling kan lokalsamfunna i regionen delast i to:

1. **Lokalsamfunn i dei folketette, sentrale områda.** Desse lokalsamfunna er prega av godt utbygde private og offentlege tenester, stort innslag av ulike institusjonar, stort utval av organiserte og tilrettelagde fritidstilbod og aktørar i spesialiserte roller. I slike lokalsamfunn er hovudstrategien for tenesteforsyninga primært spesialisering.
2. **Lokalsamfunn i spreiddbygde utkantområde – uttynningssamfunn.** Desse lokalsamfunna er prega av få private og offentlege tenester, få lokale institusjonar, lite utval av organiserte og tilrettelagde fritidstilbod og av at sentrale aktørar ofte fyller mange roller. I slike lokalsamfunn er hovudstrategien for tenesteforsyninga differensiering. Modellen er mangesysleriet. Ein institusjon som fungerer som eksempel her, er den moderne landhandelen (også kalla den multifunksjonelle butikken) som i prinsippet kan fyller ei rekkje funksjonar, anten dei er velferdsretta, informasjonsretta, beredskapsretta, allment tenesterretta, næringsretta eller samfunnsutviklingsretta (Båtevik og Halvorsen, 2021).

Innovasjon i omsorg. Kvar er vi – kvar veg må vi?

Det er i år ti år sidan Hagen-utvalet la fram utreiinga om innovasjon i omsorg (NOU 2011:11). Utgreiinga skapte stort engasjement, og mange hadde tru på at signala i utgreiinga og forslag til verkemidlar kunne bidra til store og føremålstenlege endringar i retning berekraftige helse- og omsorgstenester. Ikkje minst vart det mykje diskusjon om forholdet mellom menneske og teknologi. Utgreiinga peikte på at målet bør vere at folk klarer seg på eiga han, utan hjelp frå det offentlege.

Då den offentlege utgreiing «Innovasjon i omsorg» kom i 2011, var budskapet at ein hadde ti år på å planlegge, forberede og finne nye måtar å møte demografiutfordringane på. No er vi der og det er tid for å spørje korleis det har gått.

Forskinga viser at det ser ut til at utgreiinga har utløyst viktige endringar på særleg tre område: kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi og pårørandepolitikk (Hagen & Barstad, 2022, Tuntland og Ness, 2021, Tøndel og Søråa, 2021 og Vatland, 2021).

Ansvarsoverføringa til kommunane må (meiner mange) bremsast kraftig opp, og spesialisthelsetenesta må kanskje setjast i stand til å ta ansvar for ein større del av eldrebefolkninga sine behov for gode, føreseielege helsetenester. Stadig kortare liggetid og manglande nærleik er dårleg tilpassa den eldre befolkninga og peikar ikkje inn i framtida

Mykje tyder på at kommunane i større grad bør legge vekt på kommunen som lokalsamfunn, ikkje berre kommunen som forvaltning. Viss ikkje kommunane organiserer seg for å kunne spele på lag med alle omsorgsressursane og leitar seg fram til familie, naboskap og lokalsamfunn, vil kommunane truleg stille svakt i tida framover. Framtidas velferd må skapast saman med folk, som Andresen mfl. (2022) formulerer det.

Eit grep som må takast framover gjeld bygging og ombygging. Direktør i Husbanken, Osmund Kaldheim, meiner at Hagen-utvalet sitt forslag om «Det store ombyggingsprosjektet» (NOU 2011:11) for å forberede bustader for alderdom enno ikkje er kome i gang (Kaldheim, 2021). Han meiner at den største utfordringa ved starten av 2020-talet er at mange eldre utset eller let vere å bygge om eigen bustad. Særleg stor er utfordringa i distriktkommunar og blant eldre som har svak økonomi. Denne ballen må spelast på lag med alle aktørar på bustadområdet.

Knapt med helse- og sosialpersonell og færre frivillige og pårørande omsorgsytarar vert ei stor utfordringa framover. Særleg i distriktkommunar med nedgang i folketalet kombinert med en sterk vekst i delen eldre delen av befolkninga. Omlegging av omsorgstenestene til meir vekt på førebygging og rehabilitering, dagaktivitet, bruk av velferdsteknologi, samspel med pårørande og sosiale nettverk, krev stor fagleg breidde. Det trengst både i institusjon, i dagaktivitet og heimeteneste. Helsepersonellkommisjonen etterspør også større fagleg breidde i helse- og omsorgstenestene (NOU 2023: 4).

Kunnskapsutvikling er nødvendig for omstilling og endring til berekraftige helse- og omsorgstenester. Kjenneteikna ved omsorgstenestene bør prege kunnskaps- og fagutviklinga på ulke måtar:

- Det er livet til og behova hos brukaren som må vere standarden som all utvikling bør målast mot, anten det er ny teknologi, kvardagsrehabilitering eller pårørandepolitikk.
- Vi lever liva i fysiske omgivnader i ein bustad i eit nærmiljø, i ein kommune. Samanhengen mellom livsutfalding og dei fysiske omgivnadene vert sterkare dess meir svekka ein kropp er. Dette er særleg ei utfordring til alle dei som formar dei 'harde' omgivnadene rundt oss.
- Samarbeid og samhandling føreset at organisasjonar (kommunar, tenester, institusjonar) endrar måtar å arbeide og fungere på. Mykje av velferdspolitikken, også den nye eldrereforma (St. Meld. 24 (2022-2023)), etterlyser heilskapstenking og koordinering. Det trengst meir kunnskap om kva som skal til for å få til samarbeid og samhandling – både mellom og innanfor kommunale tenester og mellom kommunen og aktørar i lokalsamfunnet.

Fellesskap og meistring – Bu trygt heime

I juni 2023 vart det lansert ei ny stortingsmelding – med tittelen *Fellesskap og meistring Bu trygt heime* (St. Meld 24 (2022-2023)). Omtalt som den nye eldrereforma. Reforma gir retning og rammer for utviklinga av eit meir alders- og demensvennleg samfunn som skal legge til rette for at eldre som

kan og vil, skal kunne bu lengre heime. Det er også eit mål å sikre berekraft gjennom betre planlegging, å styrke førebygging og meir målretta tenester.

Det er eit mål at tenester og tiltak blir utvikla som ein integrert del av det samla ansvaret til kommunane, og ikkje sektor for sektor. Regjeringa legg til grunn at dette bør skje ut frå lokale forhold, med utgangspunkt i behovet til innbyggerane, og vidare at finansiering i hovudsak skjer gjennom rammetilskotet til kommunesektoren. Nasjonale kvalitetsindikatorar skal bli nytta for å følge utviklinga. For dei områda som manglar data skal det bli utvikla indikatorar, som for helsefremmande og førebyggjande tiltak.

I meldinga presenterer regjeringa ein samla innsats for eit meir aldersvennleg samfunn prega av openheit, tryggleik og fellesskap. Meldinga har fire innsatsområde:

1. Levande lokalsamfunn
2. Bustadtilpassing og planlegging
3. Kompetente og myndiggjorde medarbeidarar
4. Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande.

Dei overordna måla med reforma er å bidra til at eldre kan bu trygt heime, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett gjennom betre planlegging, styrkt førebygging og meir målretta tenester. Vidare vil regjeringa at tiltak skal sikre betre bruk av personell og dei samla ressursane, og gjennom dette bidra til at alle som treng det får tilgang på gode og trygge tenester.

Generasjon M

Generasjon M er eit ideelt selskap som skapar jobb for unge og aktivitet for eldre. M står for møteplass, mangfald, meining, meistring og moro. Noko av ideen med Generasjon M er å bidra til å møte utfordringar i helse- og omsorgstenester, mellom anna ved å mobilisere ungdom til aktivitet i lag med eldre.³ Meir informasjon om Generasjon M her: <https://generasjonm.no/>

Avslutning

I 2011 vart NOU Innovasjon i omsorg lansert. Studiar som har vore gjort i åra etter 2011 og fram til i dag, viser at fleire av ideane som vart omtalte i utgreiinga er følgde opp i helse- og omsorgstenestene. Viktige endringar ser ut til å ha skjedd, særleg på områda kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi og pårørandepolitikk (Hagen og Barstad, 2022). Kommunane må halde fram det gode arbeidet på desse områda. Men for å møte utfordringane vidare framover, må det takast fleire grep.

Samhandlingsreforma har ført til at kommunale helse- og omsorgstenester har fått fleire og meir krevjande oppgåver. Denne typen oppgåver kombinert med vekst i talet på eldre, gir store utfordringar for mange kommunar, både når det gjeld kompetanse og kapasitet. Kan hende bør eitt grep vere at kommunane i større grad stiller spørsmål ved og utfordrar trenden om stadig å overføre fleire oppgåver frå spesialisthelsetenester til kommunane.

Det andre grepet er å samarbeide meir på tvers, både i kommuneorganisasjonen og med andre sektorar.

³ Presentasjonen som Lise Arvesen, Generasjon M hadde på samlinga er sendt til Volda og Ørsta kommunar.

Eit tredje grep er å legge meir vekt på førebygging og rehabilitering, dagaktivitetstilbod, samspel med pårørande og sosiale nettverk. Men det krev også større fagleg breidde i tenestene, som må opne for meir tverrfagleg samarbeid og fleire profesjonar inn. Både i institusjon, dagaktivitetstilbod og heimeteneste. For å ha nok kapasitet i tenestene, må fleire yrkesgrupper mobiliserast.

Det fjerde og siste grepet vi skal nemne er kunnskapsutvikling. Kommunane ligg langt etter spesialisthelsetenesta når det gjeld kunnskapsutvikling, sjølv om utgiftene i kommunale helse- og omsorgstenester er på nivå med utgiftene i spesialisthelsetenesta (Hagen og Barstad, 2022). For å utvikle berekraftige tenester, trengst meir kunnskap om livet og behovet til brukarane og om samanhengen mellom og fysiske omgivnader (som vert viktigare til eldre vi blir). Ikkje minst må vi vite meir om kvifor sam-aktivitet (samarbeid/samhandling/samskaping) er vanskeleg å få til.

Kommunane er ulike, har ulike utfordringar og ulike føresetnader for å finne gode løysingar. Dette må ligge til grunn i val av tilnærmingar og arbeidsmåtar. Som i mange andre samanhengar, er det lite tenleg å tenkje ut frå ein modell der 'one size fits all'. Det gjeld også i møte med samfunn der ein større del er eldre. For det første er eldre ei samansett gruppe, der strategiane kommunane følgjer bør vere kopla både til eit ressursperspektiv og eit omsorgsperspektiv. Fleire spreke eldre kan vere ein ressurs. Å ha med det perspektivet når ein tenkjer på korleis ein møter eldrebølgja kan vere ei nyttig påminning. Lokalsamfunna dei eldre bur i er også ulike. Løysingar som fungerer godt i dei minste lokalsamfunna, er andre enn dei løysingane som er føremålstenlege i meir folketette område av regionen. I folketette område kan god tenesteforsyning skje gjennom spesialiserte tenester i nokre lokalsamfunn. I andre område er det behov for alternative løysingar. I nokre tilfelle er avstandsreducerande eller digitale løysingar svaret. I andre tilfelle er nærleik og kontakten med andre menneske ein nøkkel. På samlinga var aktivitetar, som skjer i regi av den ideelle organisasjonen Generasjon M, presentert. Det er eitt av fleire døme på alternative løysingar. Bredde i og tilpassing av løysingar er overordna stikkord i møte med samfunnsendringane som følgjer med auken i andel eldre i befolkninga.

Referansar

- Andresen, T. Eide, K. og K. Hesselberg, (2022). Framtidas velferd må skapes sammen med folk. *Tidsskrift for omsorgsforskning*, Vol. 8, Utg. 1. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/tfo.8.1.2>
- Båtevik, F. O. og Halvorsen, L. J. (2021). Utkantbutikken som velferdssentral i små lokalsamfunn. Longvanes, L., Bjørhusdal, E., Sekkingstad, D. og Årethun, T. (red.). *Stadutvikling. Fjordantologien 2021*. Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215053349-2021-14>
- Hagen og Barstad (2022). Nå er vi der! Innovasjon i omsorg ti år etter. *Tidsskrift for omsorgsforskning*, Vol. 8, Utg. 1. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/tfo.8.1.11>
- Kaldheim, O. (2021). Hva skjedde med bygg og boliger fra 2011 til 2021? Innovasjon i omsorg. *Tidsskrift for omsorgsforskning*, Vol. 7, Utg. 3. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.2387-5984-2021-03-15>
- Kristiansen, M. (2022): Innovasjonsarbeid som angår kommunen, må også ta utgangspunkt i kommunen. *Tidsskrift for omsorgsforskning*, Vol. 8, Utg. 1. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/tfo.8.1.1>
- Krokedal, L. (2023). Rekordlav fruktbarhet i 2022. <https://www.ssb.no/befolkning/fodte-og-dode/statistikk/fodte/artikler/rekordlav-fruktbarhet-i-2022>
- NOU 2011: 11 (2011). *Innovasjon i omsorg*. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2011-11/id646812/>
- NOU 2020: 15. Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-15/id2788079/>
- NOU 2023: 4: Tid for handling — Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste. Helse- og omsorgsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-4/id2961552/>
- Tuntland, H. og Ness, N.E. (2021). Hverdagsrehabilitering – ti år etter oppstart og veien videre. *Tidsskrift for omsorgsforskning*, Vol.7, Utg.3. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.2387-5984-2021-03-12>
- Tøndel, G. og Søråa, R.A. (2021). Velferdsteknologi: Fra store forventninger til kommunale realiteter. *Tidsskrift for omsorgsforskning*, Vol. 7, Utg. 3. <https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.2387-5984-2021-03-10>
- Riley, M. W. (1985). Age Strata in Social Systems. In Binstock, R. H. & Shandas (Eds.). *Handbook on Aging and the Social Sciences*, 369–411. Van Nostrand Reinhold.
- St. Meld. 24 (2022–2023). Fellesskap og meistring. Bu trygt heime. Helse – og omsorgsdepartement mfl. departement. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-24-20222023/id2984417/>
- Storeng, SH, Øverland, S, Skirbekk, V, et al. (2021). Trends in Disability-Free Life Expectancy (DFLE) from 1995 to 2017 in the older Norwegian population by sex and education: The HUNT Study. *Scandinavian Journal of Public Health*; 1-10. <https://10.1177/14034948211011796>
- Sørli, K. (2010). Bosetting, flytting og regional utvikling. I: Frønes, I og Kjølsvold, L (Red.). *Det norske samfunn*, s. 457–478. Gyldendal.
- Vatland, A. (2021). Fortsatt bare rørende for pårørende. Ti år med fremskritt? *Tidsskrift for omsorgsforskning*, Vol. 7, Utg. 3 <https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.2387-5984-2021-03-14>